



# PLAN FOR OVERGANGAR FOR BARN OG UNGE



**BJØRNAFJORDEN  
KOMMUNE 2021-2025**

# INNHALD

1. Forord .....	3
2. Innleiing .....	4
3. Overgangar .....	4
3.1 Når barnet begynner i barnehagen .....	4
3.2 Overgangar internt i barnehagen .....	5
3.3 Overgang frå barnehage til barnehage .....	5
3.4 Overgang frå barnehage til skule .....	6
3.5 Overgang for barn med behov for ekstra støtte.....	6
3.6 Overgang frå barnetrinn til ungdomstrinn.....	7
3.7 Overgang mellom grunnskule og vidaregåande opplæring .....	8



## 1. FORORD

I Bjørnafjorden kommune skal alle barn og unge ha gode oppvekstmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Barnehagar, skular og fagtenestene samarbeider om å skape gode, trygge og føreseielege rammer for alle.

*Plan for overgangar for barn og unge i Bjørnafjorden kommune* skal bidra til at alle barn og unge, og deira føresette opplever at det er god samanheng og kvalitet gjennom heile oppvekstløpet, med fokus på anerkjenning, meistring og tryggleik.

Planen vil setje ein standard for likeverdige tenester, men det vil vere lokale tilpassingar og variasjonar i overgangsarbeidet. Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i innhald og gjennomføring, dette er i tråd med FNs barnekonvensjon art. 3.

Den nye planen for overgangar er oppdatert i samsvar med tilrådingar frå nasjonale føringar for barnehage og skule og gjeldande lovverk.

## 2. INNLEIING

Den første dagen i barnehagen, på skulen, i den nye jobben, eller når ein flyttar til ein ny stad, kan opplevast som både skremmande og spennande. Overgangen til noko nytt bidrar ofte til mange positive utfordringar og opplevingar. Dei fleste vil oppleve at overgangar gir moglegheiter til nye erfaringar, nye møte og personleg utvikling.

Målet med planen er å sikre samanheng og gode overgangar for alle barn og unge i kommunen vår. Formålet er å skape ei trygg og god ramme for trivsel, læring og utvikling. Overgangsplanen inneheld ein felles standard for å sikre kvalitet og samanheng i dei ulike overgangane. Samarbeidet rundt overgangane er forankra i barnehagelova, opplæringslova, rammeplan for barnehagar og i læreplan for grunnskulen.

### **Teieplikt og samtykke til å overføre informasjon:**

Barnehagar og skular må innhente samtykke frå føresette for å overføre informasjon. Jf. [personopplysningsloven § 2 nr. 7.](#)

Eit informert samtykke er når ein:

- har fått informasjon om kva opplysningar som skal overførast
- veit kva opplysningane skal brukast til
- er kjent med at det ikkje skal overførast fleire opplysningar enn nødvendig, og berre til tilsette som treng informasjon for å ivareta barnet.

UDIR. [Les meir her](#)

## 3. OVERGANGAR

I dette kapittelet kjem informasjon om dei ulike overgangane - frå oppstart i barnehage til og med overgang til vidaregåande opplæring. Under kvart underkapittel finn du lenker til aktuell og viktig informasjon.

### 3.1 Når barnet begynner i barnehagen

*Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar, og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.*

*Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet syte for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsløse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære. [Rammeplan for barnehagar: Kap. 6. Overgangar](#)*

Helsestasjonen møter alle barn og deira føresette ved regelmessige konsultasjonar det første leveåret. Helsestasjonen informerer om barnehagetilbodet når det er naturleg gjennom det første leveåret, og fast på konsultasjon ved 10 månader.

For å gi barna ein så god start som mogleg, er det viktig å starte samarbeidet med føresette i forkant. Barnehagane skal ha rutinar som bidrar til å sikre ein trygg og god start i barnehagen.

For barn med spesielle behov knytt til kronisk sjukdom, funksjonshemming, sansetap eller liknande er det særleg viktig å sikre ein trygg oppstart i barnehagen, både for føresette og barn. Helsesjukepleiar tar opp spørsmålet om søknad om barnehageplass med føresette når det er naturleg. Dersom

føresette er usikre på tilbudet i barnehagen, kan helsesjukepleiar invitere ein representant frå barnehageområdet til eit møte på helsestasjonen. Når opptaket er klart, innhentar helsesjukepleiar samtykke frå føresette til samarbeid med barnehagen. I samarbeid med føresette og eventuelt koordinator, sikrar helsesjukepleiar at nødvendig informasjon frå andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta blir overført.

Barn med behov for habilitering har rett på ansvarsgruppe og individuell plan. Uavhengig av kor langt dette arbeidet har kome, bør det vere eit samarbeidsmøte med alle involverte instansar i god tid før barnehagestart.

[Meir om Koordinator og individuell plan \(IP\):](#)



### **3.2 Overgangar internt i barnehagen**

*Det skjer overgangar i barnehagen òg. Personalet skal syte for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe. (Rammeplan for barnehagar)*

Desse overgangane har dei ulike barnehagane planar over.

### **3.3 Overgang frå barnehage til barnehage**

Sjølv om barnehagekvardagen er ganske lik i dei ulike barnehagane, er det viktig å sikre ein trygg og god start i ny barnehage.

- Vi anbefaler overgangssamtale med ny barnehage - hugs samtykke frå føresette
- Barn med §31- og §37-vedtak skal ha ein overgangssamtale før oppstart i ny barnehage. Styrar i noverande barnehage har ansvar.

### 3.4 Overgang frå barnehage til skule

[Barnehageloven § 2 a](#) og [opplæringsloven § 13-5](#) seier at barnehage og skule har plikt til å samarbeide om ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning.

*Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.*

*Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga. (Rammeplan for barnehagar)*

Mange barn går i barnehage i ein anna krins enn der nærskulen er. Ikkje alle barn har kjennskap til kva ein skule eller skulefritidsordning (SFO) er. I Bjørnafjorden kommune har alle barnehagane ein samarbeidsskule. Målet med dette samarbeidet er at alle barn skal bli kjende med, og trygge på, kva ein skule er. Gjennom samarbeidet sikrar vi at alle barn i barnehagen i løpet av det siste barnehageåret før skulestart får delta i minimum fire aktivitetar mellom skule og barnehage.

Skulen har ansvar for at det blir laga ein plan for barnehage-skule-samarbeidet.

Samarbeidet mellom skulane og barnehagane er på både system- og individnivå. Tilsette i skule og barnehage skal ha kunnskap om og anerkjenne kvarandre sitt faglege arbeid, erfaring, arbeidsmåtar og læringssyn. Vi vil legge til rette for ein god dialog mellom barnehage og skule for å sikre ein trygg og god overgang for alle barn.

Alle barnehagar gjennomfører ein overgangssamtale med skulen for å sikre ein trygg og god overgang. Føresette samtykker til kva for informasjon som skal overførast.

[Lenke til rutine for overgangssamtale barnehage – skule.](#)

[Lenke til døme på årshjul](#)

[Rettleiar: Frå eldst til yngst](#)

[Samarbeidande barneskular og barnehagar](#)

### 3.5 Overgang for barn med behov for ekstra støtte

Det er spesielt viktig med eit nært samarbeid mellom barnehage og skule for barn som har behov for særskilt tilrettelagt omsorgs- eller læringsmiljø, og eventuelt spesialundervisning. Dersom det er behov for omfattande tilrettelegging, må samarbeidet etablerast i god tid før barnet begynner på skulen. I enkelte tilfelle kan dette vere eit år før skulestart, mens for andre må planlegginga starte to år før skulestart. Planlegginga av skulestart vil då vere meir omfattande, og kan involvere fleire aktørar.

Gjennom ein skriftleg plan for overgang frå barnehage til skule, vil vi sikre samarbeid og kontinuitet i overgangsarbeidet. Det er viktig at skulen er godt førebudd på overgangen, slik at barnet møter eit stimulerande og tilrettelagt opplæringstilbod. Det vil vere nødvendig med lengre tid og fleire møtepunkt når det gjeld overgang barnehage-skule for desse barna. Målet er å sikre gjensidig kjennskap til innhald, metodar og organisering av opplæring for barnet. Eit grunnleggande prinsipp er

at skulen gjer seg godt kjend med det enkelte barnet, og ikkje berre diagnosen eller behov for spesiell tilrettelegging.


Ansvar for det praktiske arbeidet i samband med overgangen er forankra hos styrar og rektor. Det blir innhenta samtykke frå føresette om overføring av informasjon ved alle overgangar. Informasjon som blir gitt, skal vere relevant og til barnets beste, og kunne grunngis i dokumentasjon.

[Lenke til årshjul overgang barnehage-skule for barn med behov for ekstra støtte.](#)

[Lenke til utsett skulestart](#)

[Overgangar \(statped\)](#)

[Overgangar for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning](#)



### **3.6 Overgang frå barnetrinn til ungdomstrinn**

Felles overgangsrutinar skaper ein føreseieleg situasjon, og bidrar til samanheng i opplæringsløpet. Vi skal difor planlegge overgangen mellom barnetrinn og ungdomstrinn god tid i forkant. Barn og føresette skal vere trygge på at ungdomsskulen kjenner det enkelte barnet sitt behov, slik at det allereie frå oppstart på 8. trinn kjennar seg tryg. Hensikta med slike rutinar er å sikre god dialog rundt kvart enkelt barn, og å bidra til eit tettare samarbeid mellom barneskule og ungdomsskule.

Med utgangspunkt i dette, har vi utarbeida eit årshjul som skal sikre like rutinar for alle skulane.

[Lenke til årshjul for barnetrinn til ungdomstrinn](#)

[For meir informasjon om overgang frå barnetrinn til ungdomstrinn.](#)

## **3.7 Overgang mellom grunnskule og vidaregåande opplæring**

Sjølv om elevane nærmar seg vaksen alder og sjølv har eit ansvar i søknadsprosessen til vidaregåande opplæring, er det også i denne overgangen viktig med felles rutinar, god informasjonsflyt og nødvendige samarbeidsmøte. Dette bidrar til tryggleik og føreseielegheit, og sikrar ein tett dialog mellom skule og heim, og mellom gammal og ny skule. Med utgangspunkt i dette har vi utarbeida eit årshjul som skal sikre dette.

[Lenke til årshjul for ungdomsskule til VGS](#)

[For meir informasjon om denne overgangen](#)

### **3.7.1 Meistringsteamet (MT) sitt arbeid i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring**

Når MT arbeider med elevar på 10. trinn, er ein viktig del av arbeidet knytt til overgangen til vidaregåande opplæring. For å sikre ein trygg og føreseielegovergang, kan MT til dømes bidra til hospitering og/eller besøk på aktuelle vidaregåande skular for at eleven skal gjere seg betre kjent. Dette kjem i tillegg til dei ordinære hospiteringsdagane alle elevar får tilbod om. MT skriv også uttale som vedlegg til [Inntak for søkere med fortrinnsrett | Videregående opplæring - vilbli.no](#) for dei elevane dei følgjer opp.

Når eleven har fått tildelt plass på vidaregåande skule, kan MT vere med i samarbeidsmøte for å sikre god informasjonsflyt. Teamet kan også vere med eleven for å helse på kontaktlærer/andre tilsette, dersom dette er ønskeleg.

Ved oppstart kan teamet følgje eleven tett opp, og vere til stades på den aktuelle skulen eller ha anna kontakt med eleven.

MT er tilgjengelege for skulen, både ved oppstart og utover hausten, dersom det er behov for å drøfte noko.

**Lenker:**

[Barnehageloven](#)

[Opplæringsloven](#)

[FUG \(foreldreutvalet grunnskulen\): Trygge overgangar](#)

[Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole for barn med flerspråklig bakgrunn.](#)

[Læreplanverket](#)

[Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring \(Nafo\): overganger](#)

[Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO.](#) St.meld.nr. 6.

[...og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring.](#) St.meld.nr. 16.



